



Utval:	<b>Kommunestyret</b>
Møtestad:	Møterom, Midsund sjukeheim
Dato:	14.10.2010
Tid:	<b>15:00</b>

Forfall må meldast til utvalssekretær på telefon 71 27 05 00 som syt for innkalling av varamedlemmer. Varamedlemmer møter etter nærare melding.

**SAKSLISTE**

<b>Saksnr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkivsaknr</b>
PS 10/54	Underskrift	
PS 10/55	Godkjenning av protokoll	
PS 10/56	Dialogmøte - teknisk Open post	2010/401
PS 10/57	Samarbeid om ny behandlingsmodell innan psykisk helsevern	2010/425
PS 10/58	Tilstandsrapport grunnskulen i Midsund kommune 2009	2010/423
PS 10/59	Retting av gebyrregulativ for byggesaker i 2010	2009/601
PS 10/60	Delegasjonsinstruks ny plan- og bygningslov frå 01.07.10 - bygningsdelen	2009/313
PS 10/61	Eigengodkjenning av reguleringsplan "Ny - Hamna" - 57/1, Ugelvik.	2009/253
PS 10/62	Søknad om vassforsyning og utbygging av avløp - Ny-Hamna i Ugelvik - 57/1 (handsamast i formannskapsmøte 14.10.2010)	2010/246
PS 10/63	Låneopptak vidareutlånsmidlar (handsamast i formannskapsmøte 14.10.2010)	2010/446
PS 10/64	Økonomirapport 2. tertial 2010 (handsamast i formannskapsmøte 14.10.2010 og saksframlegg blir delt ut i møtet)	2010/374

Midsund, 06.10.2010

Helge Orten  
ordfører

Ann Torill Vaksvik  
sekretær

**PS 10/54 Underskrift**

**PS 10/55 Godkjenning av protokoll**



**Midsund kommune**  
Rådmannen

**Arkivsak:** 2010/401-2  
**Arkiv:** 150  
**Saksbeh:** Geir J. Göncz  
**Dato:** 06.10.2010

**Saksframlegg**

**Dialogmøte - teknisk**

<b>Utvalsak</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
10/56	Kommunestyret	14.10.2010



**Midsund kommune**  
Rådmannen

Arkivsak: 2010/425-1

Arkiv:

Saksbeh: Geir J. Göncz

Dato: 21.09.2010

**Saksframlegg**

**Samarbeid om ny behandlingsmodell innan psykisk helsevern**

<b>Utvalsak</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
10/57	Formannskapet	01.10.2010
10/57	Kommunestyret	14.10.2010

**Forslag til vedtak:**

1. Midsund kommunestyre vedtek å delta i prosjektet "ACT i Romsdal" etter dei føresetnadane som ligg til grunn i samarbeidsavtalen.  
Avtalen gjeld frå 1.januar 2011.
2. Betaling for år 2 og 3 i prosjektperioden blir løns- og prisjustert.
3. Kostnader for 2011 vert innarbeida i budsjett 2011.

**Samrøystes tilråding i Formannskapet - 01.10.2010**

1. Midsund kommunestyre vedtek å delta i prosjektet "ACT i Romsdal" etter dei føresetnadane som ligg til grunn i samarbeidsavtalen.  
Avtalen gjeld frå 1.januar 2011.
2. Betaling for år 2 og 3 i prosjektperioden blir løns- og prisjustert.
3. Kostnader for 2011 vert innarbeida i budsjett 2011.

## **Saksutgreiing:**

Dei nasjonale styresmaktene har dei siste åra retta eit særleg fokus på hjelpetiltak for menneske med alvorlege psykiske lidningar og behov for spesielt tilrettelagde butilbod i kommunane.

Her kan vi vise til

- St.meld 47 (Samhandlingsreforma), og særleg kap 6 der den framtidige kommunerolla vert skissert.
- Rapport IS – 1554 frå helsedirektoratet:  
”Mennesker med alvorlige psykiske lidelser og behov for særlig tilrettelagte tilbud”.

Menneske med alvorlege psykiske lidningar har ofte samstundes ruslidningar og andre somatiske sjukdommar. Dei har difor samansette og langvarige hjelpebehov frå både kommune- og spesialisthelseteneste. Denne gruppa innbyggjarar manglar ofte eit fungerande sosialt nettverk, og dei er sjeldan i stand til å nytte det ordinære hjelpeapparatet. Mange i denne gruppa har heller ikkje innsikt i eigne hjelpebehov, noko som kan skape utfordringar for den kommunale helsetenesta, pårøyrande og omgivingane elles.

I tillegg til denne kompleksiteten, er denne gruppa spesielt sårbare for mangel på kontinuitet og samhandling i tenestene. Det kan vere vanskeleg å vurdere kor mange innbyggjarar i kvar kommune som har så omfattande hjelpebehov, og som slik sett høyrer til i denne gruppa.

### **Ny behandlingsmodell for denne pasientgruppa**

Det er internasjonalt utvikla ein ny behandlingsmodell som no blir utprøvd i Norge. Denne modellen vert kalla ACT; ei forkorting for ”*Active Community Treatment*”.

Pasienten blir behandla i sitt nærmiljø av høgt kvalifiserte fagfolk som har minst 80% av arbeidstida si ute i ”feltet”. Arbeidsmetoden inneber difor eit nært samarbeid mellom kommunen sitt ordinære hjelpeapparat og spesialisthelsetenesta.

Dei som arbeider i ACT er organisert i team som har sitt utgangspunkt i DPS (distriktpsykiatrisk senter i helseføretaket). Teamet skal jobbe oppsøkande og er samansett av psykiater, psykolog og spesialutdanna sjukepleiarar og sosionomar/vernepleiarar. Desse skal arbeide i pasienten sitt husvære og i nært samarbeid med helse- og omsorgstenestene i kommunen.

Behandlingsfilosofien går på å ha fokus på pasienten/brukaren sin totale livssituasjon. Dette gjeld meistring, fungering og integrering i lokalsamfunnet. Pasienten får hjelp til å ta hand om sin eigen kvardag med bustad, det å leve og bu sjølvstendig, medisiner, økonomi etc. Teamet skal arbeide med ”heile” mennesket og skal ta hand om alt og i minst mulig grad henviser til andre.

### **Prosjektetablering av ACT i Romsdalkommunane**

Helsedirektoratet lyste våren 2009 ut prosjektmidlar for oppstart av forprosjekt for etablering av ACT-team i Norge. Kriteria for å motta midlar var at kommunar og helseføretak gjekk saman om å etablere tiltaket. Det vert frå ulike hald vurdert slik at befolkningsgrunnlaget bør vere ca 60.000 innbyggjarar.

Molde kommune gjekk saman med helseføretaket og inviterte kommunane i Romsdal til å bli med i ein søknad om å etablere eit forprosjekt.

Følgjande kommunar inngjekk våren 2009 ein intensjonsavtale om eit forprosjekt med Helseføretaket Nordmøre og Romsdal: Molde, Fræna, Eide, Midsund, Aukra, Sandøy, Vestnes, Rauma, Nesset, Gjemnes og Sunndal.

I august 2009 fekk forprosjektet eit tilsagn på kr 300 000,- frå Helsedirektoratet. Forprosjektet er organisert under Helseføretaket v/Avdeling for voksenpsykiatri.

I forprosjektet skal det vurderast kva ein kan oppnå for denne pasientgruppa og kva utfordringar etablering av ACT-team i Romsdal vil innebere. I arbeidet med dette vart det først etablert ei prosjektgruppe som var samansett av fagfolk frå kommunane og helseføretaket. Prosjektgruppa har studert sjølve arbeidsmetoden, vurdert ulike organiseringsmåtar og gjennomført kurs for fagfolk.

Då det var klart at fagfolk ønskte å gå vidare med eit hovudprosjekt og satse på ACT-etablering i Romsdal, vart det oppretta ei styringsgruppe hausten 2009. Styringsgruppa er samansett av representantar for kommuneleiinga i kvar av kommunane og frå leiinga i helseføretaket. Det har vore viktig å ha fokus på at prosjektet er eit samhandlingsprosjekt, og styringsgruppa har hovudsakleg arbeidd med forslag til samarbeidsavtale (vedlegg 1).

Etter samarbeidsavtalen vil helseføretaket ha arbeidsgjevaransvar for dei tilsette i ACT-teamet. Styringsgruppa vil ha stor påverknad ved tilsetjing av personale. Mest sannsynleg vil teamet ha kontorlokala ved DPS Knausen, eller i anna kontorlokale i Molde.

### **Økonomi**

Den 30.mars 2010 vart det sendt søknad til Helsedirektoratet om prosjektmidlar. Den 11.juni 2010 gav Helsedirektoratet tilsagn om støtte med kr 1.908.000,- for 2010. Ubrukte midlar kan overførast til neste års budsjett. Av midlane er 108.000 øyremarka til opplæring av dei tilsette i ACT-teamet det første året. Det er forutsett prosjektstøtte til 2015.

Forutsetninga for støtta frå direktoratet er eit "spleiselag" mellom helseføretaket og kommunane. (Sjå vedlegg 2 : Budsjett)

Det årlege totalbudsjettet for prosjektet vil utgjere **ca kr 6,8 mill**

Grovt rekna vil budsjettet ha slike hovudtal:

- Helsedirektoratet	kr	1 900 000
- HF Nordmøre og Romsdal	kr	2 680 000
- Refusjonar behandling (NAV)	kr	1 360 000
- Kommunane som deltek	kr	860 000

Utgiftsfordeling mellom kommunane: Sjå vedlegg.

Styringsgruppa føreslår å fordele utgiftene etter innbyggartal. Ein er også samde om at kommunane bør ha ein kontaktperson opp mot helseføretaket. Denne kontaktpersonen skal ha eit særleg ansvar for å følgje opp samarbeidsavtalen, og evt kalle inn styringsgruppa om det føreligg forhold som gjer dette naudsynt. Denne kontaktpersonen skal lønnast i ei mindre deltidstilling av prosjektmidlane frå Helsedirektoratet. Mest sannsynleg kan Molde kommune stille med kompetent kontaktperson.

### **Vurdering**

I tråd med intensjonane i samhandlingsreforma vil avtalar mellom kommunar og helseføretak om løysing av helse- og omsorgsutfordringar i befolkninga vere nyskapande og sentralt. I desse avtalene vil det vere viktig at partane er likeverdige.

Såleis er samarbeidet om ACT ein viktig test på korleis dette kan fungere. Det har blitt arbeidd mykje for å samordne og legge til rette for eit slik samarbeid mellom fleire kommunar og helseføretaket. Såleis vil det vere av stor betyding at alle kommunane vert med vidare.

ACT-metoden kan bli viktig for framtida dersom det viser seg at denne arbeidsmetoden kan få innpass hos dei av våre innbyggjarar som elles sjeldan har nokon til å tale si sak. ACT-metoden vert omtala i stortingsmeldinga om samhandlingsreforma side 69, og det kan kome på tale å lovfeste ordninga.

Geir J. Göncz  
Rådmann

**Vedlegg (prenta):**

- Samarbeidsavtale etablering av ACT-team som prosjekt
- Budsjett ACT-team
- Utgifter til ACT – kommunal del

**Vedlegg (uprenta):**

**Særutskrift går til:**



**Midsund kommune**  
Rådmannen

Arkivsak: 2010/423-1

Arkiv:

Saksbeh: Stian Løken

Dato: 21.09.2010

## Saksframlegg

### Tilstandsrapport grunnskulen i Midsund kommune 2009

Utvalsak	Utval	Møtedato
10/58	Formannskapet	01.10.2010
10/58	Kommunestyret	14.10.2010

#### Forslag til vedtak:

Tilstandsrapport for grunnskulane 2009 tas til orientering

#### Samrøystes tilråding i Formannskapet - 01.10.2010

Tilstandsrapport for grunnskulane 2009 tas til orientering

#### Saksutgreiing:

##### Bakgrunn for saka

Det er fastsatt i opplæringslova og privatskulelova at skuleeigarar pliktar å utarbeide ein årleg rapport om tilstanden i opplæringa, jfr. Opplæringslova §13-10:

Kommunen skal stille til disposisjon nødvendige ressurser for å sikre at kravene i opplæringsloven og forskriftene blir oppfylt (jfr. Opplæringsloven §13-10). Kommunen/fylkeskommunen og skoleeigaren for privat skole etter § 2-12 skal ha eit

forsvarleg system for vurdering av om krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte. Kommunen/fylkeskommunen og skoleeigaren for privat skole etter § 2-12 skal ha eit forsvarleg system for å følgje opp resultatane frå desse vurderingane og nasjonale kvalitetsvurderingar som departementet gjennomfører med heimel i § 14-1 fjerde ledd.

***Som ein del av oppfølgingsansvaret skal det utarbeidast ein årleg rapport om tilstanden i grunnskuleopplæringa og den vidaregåande opplæringa, knytt til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Den årlege rapporten skal drøftast av skoleeigar dvs. kommunestyret, fylkestinget og den øvste leiinga ved dei private grunnskolane*** (merka tekst i kursiv vedteke i 2009).

I St.meld.nr.31 (2007-2008) blir det framheva at det er viktig at styringsorgan i kommunar og fylkeskommunar har eit bevisst og kunnskapsbasert forhold til kvaliteten på grunnopplæringa, då dette er nødvendig for å følgje opp utviklinga av sektoren på ein god måte.

## **Nasjonalt kvalitetsvurderingssystem**

Tilstandsrapporten er eit sentralt element i det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet. Regjeringa har fastsatt mål knytta til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø som grunnlag for å vurdere kvaliteten i grunnopplæringa, jf. St.meld. 31. Til dei nasjonale målsetjingane har regjeringa stilt opp indikatorar som skal gje grunnlag for å vurdere kor langt skuleeigar er komen i å nå desse måla.

## **Krav til innhald i tilstandsrapporten**

Tilstandsrapporten skal som eit minimum omtale læringsresultat, fråfall og læringsmiljø, men kan og innehalde andre data kommunen meiner er formålstjenleg ut frå lokale behov.

Det føl av Ot.ptp.nr.55 (2008-2009), at tilstandsrapporten skal innehalde vurderingar knytta til opplæringa av barn, unge og vaksne.

I st.meld.nr.16 (2006-2007) framgjeng det at tidleg innsats er vesentleg for å betre elevenes dugleikar og faglege utvikling. Kartlegging av elevenes dugleiksnivå må følgjast opp med tiltak for dei som har behov for ekstra opplæring så tidleg som mogleg. Den spesialpedagogiske innsatsen er her sentral. Skoleporten inneheld ikkje data om spesialundervisning, og skuleeigar må difor nytte andre kilder for datainnhenting.

## **Vurdering:**

Med Kultur for læring (St.meld.nr.30 (2003-2004)) og Kunnskapsløftet har ein fått ei grunnopplæring som er resultatstyrt og forventningsstyrt. Skuleeigar har ei viktig rolle når det gjeld å tildele ressursar til skulesektoren og bidra til å definere innhald, metodar og verkemiddel for å realisere mål og intensjonar i læreplanreforma. Det er viktig at det innanfor skulesektoren blir utarbeida konkrete målsetjingar for arbeidet i skulen. Det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet med nasjonale prøver, elevundersøkelsen og skoleporten gjer det mogleg for kvar enkelt kommune og skule å vurdere si eiga måloppnåing.

Tilstandsrapporten for 2009 (vedlegg 1) skal legge eit grunnlag for skuleeigar for å kunne setje konkrete mål, samt vurdere i kva grad skulane oppnår dei måla ein set. Det er og viktig at rapporten så langt som mogleg blir tilpassa lokale behov, og bør i så måte vurderast på innhald og utforming før utarbeiding av rapporten for 2010.

Saka gjeng ikkje inn på vurderingar knytta til vaksne som får opplæring etter opplæringslova kap.4A.

Tilstandsrapporten for 2009 viser mykje positivt med midsundskulane, men det kjem og fram område der ein finn vesentlege utfordringar. Rådmannen vil med grunnlag i rapporten, følgje opp med ein handlingsplan for styrking av dei positive elementa og tiltak på områda med utfordringar.

Ressursmessig er det ei utfordring å kunne setje inn ekstra tiltak på dei områda resultat og målingar viser uønska tendensar.

**Økonomiske / administrative konsekvensar:**

Geir J. Göncz  
rådmann

Stian Løken  
Pedagogisk rådgjevar

**Vedlegg (prenta):**

Tilstandsrapport grunnskulen – Midsund kommune  
Statistikk grunnskulen – Midsund kommune(som vist på kommunestyremøte 9.september 2010)

**Vedlegg (uprenta):**

**Særutskrift går til:**

Midsund skule v/Rektor  
Raknes skule v/Rektor  
Utdanningsforbundet Midsund v/Hovudtillitsvald.



**Midsund kommune**  
Teknisk

Arkivsak: 2009/601-11  
Arkiv: 231  
Saksbeh: Sindre Sæter  
Dato: 20.09.2010

**Saksframlegg**

**Retting av gebyrregulativ for byggesaker i 2010**

Utvalsak	Utval	Møtedato
10/59	Formannskapet	01.10.2010
10/59	Kommunestyret	14.10.2010

**Forslag til vedtak:**

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1, godkjenner Midsund kommunestyre gebyrregulativet for byggesaksbehandling m.v. 2010 jfr. vedlagt forslag.

**Samrøystes tilråding i Formannskapet - 01.10.2010**

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1, godkjenner Midsund kommunestyre gebyrregulativet for byggesaksbehandling m.v. 2010 jfr. vedlagt forslag.

**Saksutgreiing:**

Kommunestyret vedtok endringar i gebyrregulativet for byggesaksbehandling den 17.06.2010, i samband med innføring av ny byggesaksdel i plan- og bygningslova.

I den daglege drifta er det oppdaga nokre heimelsreferansar som ikkje har blitt endra etter at ny plan- og bygningslov vart gjeldande. Det vert no lagt fram nytt forslag til gebyrregulativ med korrekt heimelsreferanse for dispensasjonssøknader i 100-meters beltet (PBL § 1-8), søknad om løyve utan ansvarsrett (PBL § 20-2), og deling av grunneigedom (PBL § 20-1 m).

I punkt 6, 7 og 8, har det ikkje vore vedteke gebyr for fleire typar bygningar i tiltaksklasse 1. Ein ønskjer no å innføre gebyr for denne tiltaksklassa.

### **Vurdering:**

Det må føreligge eit oppdatert gebyrregulativ dersom kommunen skal kunne ta gebyr for saksbehandling etter plan- og bygningslova. Det er ikkje gjort endringar i satsane, bortsett frå å innføre gebyr for saksbehandling i tiltaksklasse 1 for bygningstypane ”06. Kultur- og forskningsbygg”, ”07. Helsebygning” og ”08. Fengsel, beredskapsbygning”. Endringar er satt i kursiv i gebyrregulativet.

Ved undersøking av gebyrregulativet for nabokommunane til Midsund, viser det seg at Midsund er blant kommunane med lavast gebyr. Administrativt ønskjer ein difor ei viss omlegging av gebyra i 2011. Dette vil ein kome tilbake til ved eit seinare høve.

### **Økonomiske / administrative konsekvensar:**

Det er ikkje lagt opp til justering av tidlegare vedtekne gebyr for 2010.

Geir Göncz  
rådmann

Sindre Sæter  
saksbehandler

**Vedlegg (prenta):** Gebyrregulativ for byggesaksbehandling

**Vedlegg (uprenta):** Komplette saksmappe

**Særutskrift går til:** Teknisk



**Midsund kommune**  
Teknisk

Arkivsak: 2009/313-5  
Arkiv:  
Saksbeh: Inge Rakvåg  
Dato: 30.09.2010

**Saksframlegg**

**Delegasjonsinstruks ny plan- og bygningslov frå 01.07.10 - bygningsdelen**

Utvalsak	Utval	Møtedato
10/61	Formannskapet	01.10.2010
10/60	Kommunestyret	14.10.2010

**Forslag til vedtak:**

På grunnlag av dei prinsipp som er lagt til grunn i reglement til formannskapet, blir mynde delegert til rådmannen i samsvar med bestemmelsane i ny bygningsdel til plan- og bygningslov og ny Matrikkellov i samsvar med vedlagt forslag til reglement datert 30.09.10.

**Samrøystes tilråding i Formannskapet - 01.10.2010**

På grunnlag av dei prinsipp som er lagt til grunn i reglement til formannskapet, blir mynde delegert til rådmannen i samsvar med bestemmelsane i ny bygningsdel til plan- og bygningslov og ny Matrikkellov i samsvar med vedlagt forslag til reglement datert 30.09.10.

**Saksutgreiing:**

Delegering av mynde bla. a i samsvar med plan- og bygningslova er det for Midsund kommune gjort gjennom reglement til formannskapet (planutvalet) i kommunestyrevedtak K- sak 32/06 av 31.08.06.

Gjennom desse reglementa er all mynde som kan delegerast etter alle særlover der kommunen er tillagt slik mynde, delegert til formannskapet, også funksjon som fast utval for plansaker, drifts og forvaltningssaker.

I ”byggjesaker” av denne art som går fram av den nye bygningsdelen i Midsund kommune i formannskapet, som dermed har mynde til å vidaredelegere til rådmannen.

### **Vurdering:**

I gjeldande delegasjonsreglement av 2006 til rådmannen punkt 3:

*” Kommunestyre gjev rådmannen mynde til å forvalte kommunen sine interesser etter føgjande særlover, og til å gjere vedtak som ikkje har prinsipiell betydning, så langt lova gjev høve til det.”*

Dette er vidareført i vedlagt delegasjonsinstruks.

### Plan- og bygningslov( ny bygningsdel)

Ny bygningsdel av plan- og bygningslova blei satt i verk frå 01.07.2010.

*Vedlagt følgjer departementet sitt samandrag av lovendingane saman med rådmannens forslag til nytt delegasjonsreglement.*

### Matrikkellova

Lov om eigedomsregistrering ( Matrikkellova), som erstattar tidlegare Delingslov, blei satt i verk frå 01.01.10. I sånne høve har det blitt vist til gjeldande delegasjon. Det er no behov for eit par mindre formelle justeringar av delegasjon til administrasjonen i samsvar med lovendinga.

### **Økonomiske / administrative konsekvensar:**

Ingen konsekvensar som følgje av denne saka.

### Konklusjon

Som det går fram av saka ovanfor er særlovskompetanse bl.a. i medhald av plan- og bygningslova , delegert gjennom reglement til formannskapet. På grunnlag av dei prinsipp som er lagt til grunn i nemnde reglement, vil rådmannen tilrå at mynde i samsvar av bestemmelsane i ny plandel til plan- og bygningslova, samt ny Matrikkellov delegerast til rådmannen i samsvar med praksis i dag.

I denne delegerte mynde inngår også mynde til å fungere som underinstans i klagesaker, Jfr. forvaltningslova § 33.

Vidare delegering av mynde til einingsleiar vedrørande utøving av mynde i samsvar med paragrafane i ny bygningsdel, samt ny Matrikkellov vert sett i verk av rådmannen rett etter kommunestyret sitt vedtak.

Geir Göncz  
rådmann

Inge Rakvåg  
Teknisk sjef

**Vedlegg (prenta):** K - sak 51/10 av 09.09.10

Departementets samandrag av lovendingane.  
Rådmannens forslag til nytt delegasjonsreglement.

**Vedlegg (uprenta): Mappe**

**Særutskrift går til:** rådmannen, teknisk



**Midsund kommune**  
Teknisk

Arkivsak: 2009/253-24  
Arkiv: L12  
Saksbeh: Inge Rakvåg  
Dato: 22.09.2010

**Saksframlegg**

**Eigengodkjenning av reguleringsplan "Ny - Hamna bustadfelt" - 57/1, Ugelvik.**

Utvalsak	Utval	Møtedato
10/51	Planutvalet	01.10.2010
10/61	Kommunestyret	14.10.2010

**Forslag til vedtak:**

1. Midsund kommunestyre godkjenner i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, reguleringsplan for Ny - Hamna bustadfelt, plankart datert 23.09.10, beskriving med føresegn og ROS –analyse datert 12.05.10 og 27.05.10
2. Reguleringsplana er detaljregulering etter plan- og bygningslova § 12-3.

**Samrøystes vedtak i Planutvalet - 01.10.2010**

1. Midsund kommunestyre godkjenner i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, reguleringsplan for Ny - Hamna bustadfelt, plankart datert 23.09.10, beskriving med føresegn og ROS –analyse datert 12.05.10 og 27.05.10
2. Reguleringsplana er detaljregulering etter plan- og bygningslova § 12-3.

**Saksutgreiing:**

VATNE arkitekter AS i Molde har på vegne av Hamna Eigedom Annbjørg H. Solvang sendt over reguleringsplanforslag datert 12.05.10 og 27.05.10 for Ny- Hamn del av 57/1 i Ugelvik.

Bustadfelt med stort areal med 9 tomter, naturområde, friområde,

vegar og naustområde.

Tidlegare dokkument i saka:

- Oppstartsgodkjenning i Planutvalet sak 09/15 av 12.05.09
- Oppstartsmelding av 21.09.09 frå VATNE arkitekter AS 21.09.09 .
- Løyve til å utvide reguleringsområdet i Planutvalet sak 09/42 av 17.12.09.
- Utlekking til offentleg ettersyn - Planutvalet sak 10/26 av 08.06.10  
Med høyringsfrist 15.06.10 – 30.07.10. Offentlege instansar hadde høyringsfrist til den 31.08.10.

Det kom inn 4 merknadar i høyringsfristen:

Statens vegvesen, Istad Nett AS, Møre og Romsdal fylke og Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Dokumenter:

- Plankart av 23.09.10
- Planomtale med vurdering av oppstartsmerknadar og reguleringsføresegner av 27.05.10 og 12.05.10
- Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i samfunnsplanlegging av 12.05.10

**Vurdering:**

Kommentar til merknadane:

Statens vegvesen

Ingen merknadar.

*Men vil presisere at ytterligare utbygging av området vil kunne medføre krav om opparbeiding av gang -og sykkelveg langs fylkesvegen i retning Midsund sentrum.*

Istad Nett AS

Ingen merknadar.

Møre og Romsdal fylke

Ingen merknadar.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

**Natur- og miljøverninteresser**

*Dei øvste bustadtomtene, særleg tomt 6 og 7, får ei framtreande landskapseksponering. Fylkesmannen vil rå til at desse blir tatt ut av planen.*

*Byggjegrænse mot sjø manglar på utbyggingsområdet, tomt 9.*

Kommentar frå rådmannen:

Rådmannen meiner at tomt 5 – 8 ligg så langt nedanfor toppen av knausen at ein ikkje får ei vesentleg framtreande landskapseksponering. Dessutan vil skogen bakom husa dempane på landskapseksponeringa.

Byggjegrænse mot sjø er innarbeida i plankartet.

### **Samfunnstryggleik**

*Manglar ROS – analyse*

Kommentar frå rådmannen.

ROS - analyse var utarbeida, ligg ved.

Opparbeiding av vatn og avløp kjem som eiga sak.

### Konklusjon.

Rådmannen vil tilråde eigendekjening av reguleringsplana.

### **Økonomiske / administrative konsekvensar:**

**Ingen**

Geir Göncz  
rådmann

Inge Rakvåg  
Teknisk sjef

**Vedlegg (prenta):** Plankart datert 23.09.10, beskriving med føresegn og ROS –analyse av 12.05.10 og 27.05.10.

**Vedlegg (uprenta):** Mappe

**Særutskrift går til:** Statens vegvesen, Istad Nett AS, Møre, Romsdal fylke,  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal og  
Hamna Eigedom, Annbjørg H. Solvang, teknisk



**Midsund kommune**  
Teknisk

Arkivsak: 2010/246-2  
Arkiv: M10  
Saksbeh: Inge Rakvåg  
Dato: 22.09.2010

**Saksframlegg**

**Søknad om vassforsyning og utbygging av avløp - Ny-Hamna i Ugelvik - 57/1**

Utvalsak	Utval	Møtedato
10/60	Formannskapet	01.10.2010
10/63	Formannskapet	14.10.2010
10/62	Kommunestyret	14.10.2010

**Forslag til vedtak:**

1. Midsund kommunestyre vedtek å byggje ut vatn- og avløpsanlegg (kloakk og overvatn) til Ny-Hamna bustadfeltet i Ugelvika.
2. Før anleggsoppstart må kostnaden vere innarbeid og vedteke i budsjettet for 2011.

**Behandling i Formannskapet - 01.10.2010**

Det vart fremma følgjande fellesforslag :

- ”1. Midsund kommune vedtek å byggje ut vatn til Ny-Hamna bustadfelt i Ugelvika.
2. Spørsmålet om avløpsanlegg vert utsett til utbyggjaren av feltet har hatt høve til å uttale seg om konsekvensane av ei privat løysing.
3. dagens pkt. 2.”

**Votering:**

Det vart votert alternativt mellom tilrådinga og fellesforslag fremma i møtet, der fellesforslaget vart samrøystes vedteke.

## Samrøystes tilråding i Formannskapet - 01.10.2010

1. Midsund kommune vedtek å byggje ut vatn til Ny-Hamna bustadfelt i Ugelvika.
2. Spørsmålet om avløpsanlegg vert utsett til utbyggjaren av feltet har hatt høve til å uttale seg om konsekvensane av ei privat løysing.
3. Før anleggsoppstart må kostnaden vere innarbeid og vedteke i budsjettet for 2011.

### Saksutgreiing:

Hamna Eigendom v/ Hallstein Solvang har søkt om at Midsund vassverk byggjer ut vatnet i bustadfeltet.

Dessutan søknad også om at "Midsund avløp" byggjer ut avløpet (kloakk og overvatn) i bustadfeltet.

Formannskapet/ planutvalet var på synfaring i området den 31.08.10, der Hallstein Solvang og undertekna gjekk igjennom planane for Ny-Hamna bustadfeltet.

Midsund kommune har engasjert Siv. ing Hallgeir Wuttudal i Brattvåg til å kalkulere kostnadane for VA (vatn og avløp) utbygginga.

### Kalkulasjon

Tekst	Sum kr.	Årlege kostnadar i 40 år. Kapitalkostnader og renter ( 3,5+1%)
Vassutbygging	450.000	22.000
Avløpsutbygging ( kloakk og overvatn)	1.050.000	48.000
<b>Totalsum</b>	<b>1.500.000</b>	<b>70.000</b>

### Vurdering:

#### Økonomiske konsekvensar(sjå tabell)

#### Vatn:

Innafor vatn bør ikkje årleg investeringsbudsjettet ligge på meir enn kr. 700`, når ein ser på framtidige kapital- og rentekostnadar.

#### Avløp:

Største utfordringa og kostnadane framover er innafor avløp. Opprydding i sjøkanten med samling av ledningane til ny slamavskillar og godkjent sjøledning.

Innafor avløp bør ikkje årleg investeringsbudsjettet ligge på meir enn kr. 1.400`, når ein ser på framtidige kapital- og rentekostnadar. Talet må til kvar tid vurderast.

Ved kommunal avløpsutbygging må dei 4 husa som er der i dag takast inn under same ordning, og Midsund kommune ta over avløpsledning frå slamavskillarane og ned i sjøen.

Dei to slamavskillarane som er der i dag skal være i drift. Detaljane må avklarast seinare.

### Fagleg

Dersom ein skal ha 2 anleggseigarar i same grøfta ”kan det bli” eit vanskeleg driftsforhold i framtida. Det ”kan bli” ein diskusjon om kven gjer og kostar kva ved vedlikehald. Midsund kommune har ikkje nokon plassar i dag med 2 anleggseigarar i same grøft. Ved denne løysinga må bebuarane i Ny-Hamna bustadfeltet danne eit avløpslag for framtidig vedlikehald. Dersom det blir noko som skal gjerast på avløpsledninga må ”private” grave i same grøfta som vassledninga til Midsund vassverk ligg, eller omvendt.

Hamn huskrull har i dag vatn frå Midsund vassverk og privat avløp som ligg i eigen trase.

### Det er 2 alternativ på VA – utbygginga:

1. Midsund kommune byggjer ut og eig vatn og avløp (kloakk og overvatn).
2. Midsund kommune byggjer ut og eig berre vatn, avløp blir bygd i privat regi.

### Tilknytingsgebyr

I Midsund kommune har ikkje tomter i byggjefelt noko form for VA - refusjon , berre tilkoplingsgebyr etter areal. Refusjon vil seie at totalkostnadane blir kravd tilbake frå kvar enkelt tomt etter utbygging av VA anlegga eller ved nybygging. Kvar enkelt nybygg får tilkoplingsgebyr på vatn (kr. 51,-) og avløp (kr 51,-), (totalt 102 kr + mva) saman med byggjeløyve.

Vatn bør utbyggjast av Midsund kommune sidan byggjefeltet ligg innafor forsyningsområdet til Midsund vassverk.

Avløp i Ugelvika er i utgangspunktet ikkje prioritert no i ”Avløpsrammeplan” av 19.03.90 og 23.04.91 for Midsund kommune.

På prioriteringslista er det opprydding i strandlinja (opprydding og nedsetting av slamavskillar) på dei største utsleppa som er prioritert, bla. eksisterande utslipp som Bøen/Brokvika, Søre Midøy og Rakvågen. Dette arbeidet burde vore ferdig.

### Konklusjon:

#### Konsekvens av alt. 1

Vatn må byggjast ut og finansierast.

Avløp, - planlagt opprydding i Bøen/Brokvika blir utsett i 1 år.

#### Konsekvens av alt. 2

Vatn må byggjast ut og finansierast.

Avløp, - planlagt opprydding i Bøen/Brokvika kan begynnast i 2011 som planlagt.

Rådmannen foreslår at alternativ 1 blir vakt som VA løysing i Ny-Hamna bustadfeltet. I dette tilfellet er det viktig å få ei ”ryddig” driftsform i framtida, med berre ein anleggseigar i grøfta, sjølv om ein må utsette utbygginga på Bøen/Brokvika i 1 år med påfølgjande dominoeffekt.

### **Økonomiske / administrative konsekvensar:**

Alt etter valt alternativ.

Geir Göncz  
rådmann

Inge Rakvåg  
Teknisk sjef

**Vedlegg (prenta):** Kart

**Vedlegg (uprenta):** Mappe

**Særutskrift går til:** Hamna Eigendom v/ Hallstein Solvang, teknisk



**Midsund kommune**  
Økonomikontoret

Arkivsak: 2010/446-1  
Arkiv: 251  
Saksbeh: Ann Kristin Høgset  
Dato: 06.10.2010

**Saksframlegg**

**Låneopptak vidareutlånsmidlar**

Utvalsak	Utval	Møtedato
10/64	Formannskapet	14.10.2010
10/63	Kommunestyret	14.10.2010

**Forslag til vedtak:**

Midsund kommune tek opp lån til vidare utlån (startlån) på kr. 2 million i Husbanken.

**Saksutgreiing:**

Midsund kommune sender søknad til Husbanken om kr. 2 million i startlån. Dette er midlar som skal nyttast til vidare utlån.

Rådmannen vurderer det som viktig at kommunen på denne måten er med på å yte toppfinansiering til dei som ynskjer å busette seg i kommunen. Rådmannen vil difor rå til at Midsund kommune nyttar seg av tilbodet om å ta opp nytt vidareformidlingslån.

Geir Göncz  
rådmann

Ann Kristin Høgset  
førstesekretær

**Vedlegg (prenta):**

**Vedlegg (uprenta):**

**Særutskrift går til:**